

Styret si beretning

Norsk kulturskoleråd

Vestland

Årsmøte: 2021

Tid: 28.10 2021 kl.13:30

Sted: Bergen, Grand Hotel Terminus



Ullensvang kulturskole - Solomiya Romanyshyn, 14 år.



Kinn kulturskule - Malin Linnea Malmin, 9 år.



Kulturskolen i Bremanger - Selma Strand, 13 år.



Austevoll kulturskole - Gruppearbeid.



Bergen kulturskole - Elise Marie Hamre, 18 år.



Hyllestad og Fjaler kulturskole - Margrethe Refsnes, 14 år.

Kulturskulekalenderen 2021: Collage av visuelle kunstuttrykk frå elevar i kulturskular frå Vestland fylke.



Forord

Åra som gjekk!

Styret si beretning for Norsk kulturskuleråd Vestland 2019 – 2020, er den fyrste beretninga for fylkesstyret i eit nytt fylke Vestland!

Som de alle kjenner til, vart Vestland fylke offisielt frå 1.1.2020. Men arbeidet med eit samanslått fylkesstyre starta etter årsmøtet vi hadde i 2019, då det også vart valt nytt fylkesstyre til Norsk kulturskuleråd Vestland!

Historisk sett er jo dette unikt, og fylkesstyret har sett på arbeidet med å byggje nye strukturar og ny organisering i vårt lokale kulturskuleråd som svært spanande!

I denne fyrste etappa i Norsk kulturskuleråd Vestland, har utvikling og kompetansedeling stått på agendaen. Det har vore viktig for fylkesstyret å ha god dialog og samarbeid med våre lokale, regionale og sentrale myndigheter. Å gjere kulturskulen kjend som ein særskilt viktig samfunnsbyggjar og aktør har vore og er viktig. Kulturskulen i våre kommunar i Vestland bidrar på så mange sett, der læring og utfolding gir borna og dei unge erfaringar å ta med seg vidare i livet.

Under arbeidet med å byggje eit samanslått kulturskuleråd kom pandemien. Den har prega arbeidet vårt, og mykje vart annleis enn det vi såg for oss og hadde planar for. Fylkesstyret blei «over natta» digitalt, slik også kulturskulane vart det. Fylkesstyret måtte arbeide på ein heilt ny måte, men vi har freista å oppretthalde styremøteplanen, og vore til stades så mykje som mogleg ut i frå gjeldande smittevernreglar. Fylkesstyret er imponert over det gode arbeidet i kulturskulane gjennom pandemien, og vi veit kor krevjande dette har vore både for elevane og dei tilsette. Det er eit førebiletleg arbeid som har vore gjort og som viser krafta i kulturskulane! Det siste året har det skjedd mykje på den administrative fronten i Norsk kulturskuleråd.

Landsstyret vart erstatta med eit landsting. Den nye organiseringa trådde i kraft etter landstinget i 2020, og hovudstyret hadde sitt fyrste møte 3.12.2020 digitalt. Norsk kulturskuleråd fekk i høve landstinget ny leiar. Helga Pedersen, som til dagen er ordførar i Tana kommune, leiar no landstinget med stødig hand! Nestleiar er Terje Lindberg frå Asker og Viken. Fylkesstyret er representert i hovudstyret ved fylkesleiar.

Våre saker i fylkesstyret har vore av varierende art. Alle saker er viktige, men fylkesstyret har hatt eit fokus på verksemdplanen med utvalde tema som til dømes, politiske saker og politisk plattform, fordjuping, praktisk pedagogisk utdanning og samarbeid med universitet- og høgskulesektoren i fylket, eigenkapitalforvaltning, arrangement i fylket, digitale møtefora for leiarane med relevante tema, for å nemne nokre saker.

Medarbeidarane i kulturskulane har lagt ned ein betydeleg innsats gjennom desse åra, og fylkesstyret vil takke kvar og ein for den viktige jobben som vert gjort kvar einaste dag i kulturskulen. Avslutningsvis vil fylkesstyret vil også rette ei særleg takk til vår rådgjevar, som er genuint opptatt av kulturskulane sitt ve og vel, deler villig av sin kunnskap og kompetanse og er til uvurderleg hjelp for fylkesstyret. Takk!



Innhald

Forord	1
Innhald.....	2
Fylkestyret i perioden	3
Styret si beretning 2019 - 2020	3
1. Kulturpolitisk arbeid	3
Politiske møter	4
Samarbeid med institusjonar, lag og organisasjonar	4
Regionalt og kommunalt samarbeid	5
Høyringer og innspel	5
Presse og media	5
Representasjon.....	5
2. Kulturfagleg og kulturpedagogisk arbeid	6
Leiarsamlingar	6
Årsmøte og konferanse	6
Kulturskoledagene.....	6
De Unges Festspilldag (DUF)	7
Ungdommens musikkmeisterskap	8
Drømmestipendet	8
Kulturskulestatistikk for Vestland	9
GSI tal 2020 – kulturskule – Vestland	9
3. Organisasjonsutvikling	14
Medlemskap.....	14
Rådgevar i Norsk kulturskoleråd Vestland	14
Organisasjonssamlinger	14
Politiske organ i Norsk kulturskoleråd	14
Veilederkorps og Vestland	15
Lokale	15
Internett og informasjon	15
4. Økonomi	15



Fylkesstyret

Fylkesstyret i Norsk kulturskoleråd Vestland har bestått av to menn og tre kvinner, i tillegg til ein kvinneleg og ein mannleg vararepresentant.

Fylkesstyret i perioden

fylkesleiar	Astrid Aarhus Byrknes, Alver kommune
nestleiar	Trude Skarvatun, Sunnfjord kommune
styremedlem	Anita Nordheim, Høyanger kommune
styremedlem	Egil Magnussen, Askøy kommune
styremedlem	Grete Berntzen, Bremanger kommune
styremedlem	Jan Geir Solheim, Lærdal kommune
styremedlem	Julie Andersland, Bergen kommune
1. varamedlem	Siv Sjøtun Høye, Bergen kommune
2. varamedlem	Roar Sandnes, Sogndal kommune

Styret si beretning 2019 - 2020

- 1) Norsk kulturskoleråd Vestland er fylkesavdeling av Norsk kulturskoleråd.
Norsk kulturskoleråd er ein interesse- og utviklingsorganisasjon som arbeider for å fremme kvalitet i opplæringa innan kunst og kultur for born, unge og vaksne med utgangspunkt i dei kommunale kulturskulane.
Kulturskulane si verksemd er hjemla i LOV 1998-07-17 nr 61: Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova).
- 2) Denne årsmeldingen, med rapport over aktiviteter og vedlagte rekneskap, gir eit rettvisst bilete av utvikling og resultat.
- 3) Opplysningane i rekneskapet byggjer på ei føresetnad om fortsatt drift av Norsk kulturskoleråd.
- 4) Arbeidsmiljø, ulykker og skader: Norsk kulturskoleråd er arbeidsgjevar for rådgjevar.
- 5) Likestilling: Fylkesstyret har hatt fordeling av kvinner og menn, men med overvekt av kvinner.
- 6) Norsk kulturskoleråd Vestland har ingen innsatsfaktorar av betydeleg art, som påverker det ytre miljø i høve forureining.

1. Kulturpolitisk arbeid

Styremøter

Det har i perioden vært gjennomført fire styremøter i 2019 og fire styremøter i 2020. I perioden har styret handsama 19 saker der sju har vore faste saker. Arbeidsutvalget (AU) med fylkesleiar, nestleiar og rådgjevar, har hatt faste møter i forkant av styremøta og ved behov. Majoriteten av styremøta og møta i AU har vore digitale.



Politiske møter

Stortingsbenkane

AU hadde 25.02.2020 møte med stortingsbenken for Hordaland og stortingsbenken for Sogn og Fjordane. Det var godt oppmøte frå politikarane. Med på møtet var og student ved Norges musikkhøgskole og tidligare fordjupingselev i Sunnfjord kulturskule, Kristina Fransson, som bidro både kunstnarisk saman med sin tidlegare lærar, nestleiar i fylkesstyret, og tok del i framleggjing av saker. Følgjande tema vart tatt opp:

- *Strategien «Skaperglede, engasjement og utforskertrang – praktisk og estetisk innhald i barnehage, skole og lærerutdanning», der kulturskulen vert mykje omtala*
- *Kulturskulefond for vidare utvikling av kulturskulane*
- *Fordjupingsprogrammet i Vestland*

KS Vestland

Møte med kommunedirektørutvalget i KS vestland vart gjennomført 11.11.2020. På møtet var fylkesavdelinga representert ved fylkesleiar og rådgjevar. Saker som vart tatt opp:

1. *Ny strategi for kulturskolerådet / vedtak frå landstinget for Norsk kulturskoleråd oktober 2020*
 2. *Kulturskulen i kommuneorganisasjonen*
 3. *Økonomien i høve fordjupingsprogrammet for kulturskulane og koordinering mellom kommunane*
- Kommunedirektørutvalget fatta følgjande vedtak i saka:

[Komplett innkalling](#) og [Lenke til protokoll](#) med vedtak frå møte i kommunedirektørutvalget:
«Sak 20/18 Kulturskulerådet

Vedtak Kommunedirektørutvalet ber administrasjonen sjå om det er mogeleg å kome fram til felles retningslinjer for:

1. frisatsordning for barn/familiar - (mot barnefattigdom, førebyggjande tiltak, tidleg innsats)
2. økonomiske fordeling mellom kommunar ved gjesteelevar, fordjuping for talent».

[Lenke til komplett innkalling](#) og [protokoll](#) med vedtak frå møte i fylkesstyret.

Møte med fylkesstyret i KS Vestland vart gjennomført 1.12.2020. På møtet var fylkesavdelinga representert ved AU. Saker som vart presentert:

Ny strategi for Norsk kulturskoleråd, vedtak frå landstinget for Norsk kulturskoleråd oktober 2020. Dokument i saka: Norsk kulturskoleråd: landstingsvedtak, strategi 2032, NOU 2019-23, Barne- og ungdomskulturmeldinga, strategien «Skaperglede, engasjement og utforskertrang – praktisk og estetisk innhald i barnehage, skole og lærerutdanning», rammepplan for kulturskulen «Mangfald og fordjuping», samarbeidsprosjekt mellom KS og Norsk kulturskoleråd «Framtidens kulturskole».

Samarbeid med institusjonar, lag og organisasjonar

Fylkesavdelinga har dialog med Norges Musikkorps Forbund v/ NMF Hordaland og Nordvest. I regional prosjektgruppe for Ungdommens Musikkmeisterskap (UMM), tar følgjande del: Bergen kulturskole, Musikkpedagogene Bergen, NMF Hordaland.

Norsk kulturskoleråd har samarbeidsavtale med Kulturtanken. I perioden har det ikkje vore kontakt på fylkesplan.

Jakob Sande senter for forteljekunst vart åpna 15.08.2020 i Dale. Senteret ynskjer samarbeid med fylkesavdelinga, og det vert fylgt opp.





Styret har oppretta dialog med Høgskulen på Vestlandet. Det har vore møte med tema tilrettelegging av praktisk pedagogisk utdanning for kulturskulelærarar og praksis i kulturskule. Fylkesavdelinga har hatt møte og dialog med Universitet i Bergen, Fakultet for kunst, musikk og design. Tema som vart drøfta er ppu og talent – fordjuping i tillegg til offentleg PhD, som og kulturskulelærarar kan søkje på.



Regionalt og kommunalt samarbeid

Våren 2020 vart det etablert ei arbeidsgruppe i Vestland for talent og fordjupingsarbeidet. Dei som er representert, vart valt etter eit møte der organisasjonar og institusjonar i fylkest som arbeider med talent og fordjuping, vart invitert på eit fyrste møte. Til dømes er representantane for vidaregåande skule, representantar for alle vidaregåande skular med MDD og kunst, design og arkitektur. Gruppa har faste og vara representantar frå følgjande institusjonar og organisasjonar: Bergen kulturskole, Fakultet for kunst, musikk og design representert ved Griegakademiet, NMF Hordaland og Nordvest, Ole Bull Akademiet, vidaregåande skule med MDD og kunst, design og arkitektur representert ved Langhaugen og Firda. Arbeidet er initiert av Norsk kulturskoleråd, men det er eit mål av arbeidet på sikt ikkje er avhengig av Kulturskolerådet. Målet er å sjå på heilskapen i det talent-og fordjupingstilbodet som finns i Vestland både økonomisk og fagleg for å leggje til rette for at elevar uavhengig av bustad og økonomi skal kunne ta del i desse tilboda og at tilboda vert av god kvalitet.

Høyringer og innspel

I denne perioden har fylkesavdelinga både slutta seg til høyringsuttaler frå Norsk kulturskoleråd si leiing, men og tatt del i høyringar i fylket. Medlemmane har vore oppmoda til å bidra med innspel til Kulturskolerådet i fleire høyringar og også å sende eigne uttaler frå kommunane.

Høyringar å merke seg:

- *Politisk plattform Norsk kulturskoleråd*
- *NOU 2019-23*
- *Meld. St. 18 (2020–2021) Oppleve, skape, dele — Kunst og kultur for, med og av barn og unge*
- *Vestland fylkeskommune: Muskarordningane i fylket*
- *Vestland fylkeskommune: Planprogram for kulturplan*
- *Telemarksforsking: Rapport om digitalitet i kulturskolen*
- *Høgskulen på Vestlandet: Høyring på ny master i kunstfag*

Presse og media

Norsk kulturskoleråd Vestland har hatt innlegg og fått omtale i fylkesdekkande og lokale aviser. Tema som vart tatt opp: De Unges Festspilldag, Drømmestipendet, UMM, «Kulturskule for alle» - innlegg frå styreleiar i forkant av val.

Representasjon

Fylkesavdelinga har i perioden representert på følgjande stader:

- Drømmestipendutdelingar I kommunar Vestland fylke 2019
- 21.03.19 Kulturkonferanse arr. av fylkeskommunene i Vestland
- 04.04.19 Talent Norge årskonferanse: Kunst, kommers og kritikk, Oslo
- 24.04.19 Politisk verksted, Norsk kulturskoleråd, Gardermoen



Norsk kulturskoleråd Vestland årsmøte 28. oktober 2021

- 2019 KS Vestland strategikonferanse
- 2020 KS toppmøte, digitalt
- 15.08.20 Åpning av Jakob Sande senter for forteljekunst, Dale
- 2020 Landstinget oktober, digitalt
- 2020 Lederkonferansen, digitalt
- 2019 – 2020 Leiarmøter i Vestland, digitalt



Fylkesavdelinga møter ny rektor i Bergen kulturskule før Landstinaet tek til 2020

2. Kulturfagleg og kulturpedagogisk arbeid

Leiarsamlingar

Det er i perioden 2019-2020 gjennomført digitale møter for kulturskulerektorane i Vestland. I tillegg til det som har vore arrangert i Vestland, har Kulturskolerådet arrangert digitale møter med ulike tema for kulturskulane i heile landet. Webinarane har vore kostnadsfrie. «Lederkonferansen 2020» to dagar i april, vart tilbydt i digital versjon for ein låg kontingent.

Tema har mellom anna vore:

GSI med informasjon frå Statsforvalteren sin sakshandsamar, smittevern for kulturskulane under pandemien, planleggjing av annerledesåret, gjenåpning av kulturskulane, bruk av eigenkapitalen i Vestland, kulVFL (vurdering for læring), «Framtidens kulturskole», KIL-forsk (kulturskulen som inkluderande kraft i lokalsamfunnet), Studiet LAP (leiing av prosessar) 1 for Vestland.

Årsmøte og konferanse

Konferansen vart gjennomført i høve årsmøtet i Bergen to.21. – fr.22. mars 2019, Grand Hotel Terminus. Det var totalt 81 påmelde til årsmøte og konferanse. Bergen kulturskule stilte med kunstnariske innslag.

Tema for foredrag og innhald på konferansen:

*«KULTURSKOLEROMMET - Demokrati og medborgerskap – hvilket armslag gis kulturskolen i samfunnsbyggingen?»
Hvordan vil kulturskolen være en del av den kulturelle infrastrukturen i Vestland fylke?
«Rive tersklar och bygge broar» ved Kulturpedagogiske enheten, Kulturskolan Simrishamn, Sverige.*



Kulturskoledagene

I 2019 vart «Kulturskoledagene» kun arrangert i Stjørdal for heile landet. Dette heng saman med evaluering av ordninga for Kulturskoledagene.



De Unges Festspilldag (DUF)

DUF vert arrangert årleg under «Festspillene i Bergen» (FiB). Arrangørar er Norsk kulturskoleråd Vestland i samarbeid med Bergen kulturskole, Bergen Dansesenter og FiB. Samarbeidet synleggjer kulturskulane og organisasjonen. DUF har som mål å tilby born og unge ein arena for å presentere ulike kunstfag i samarbeid med FiB. Tiltaket har i ei årrekke vore støtta av fleire parter, som gjer det mogleg å oppretthalde tiltaket: Vestland fylkeskommune er viktige økonomiske samarbeidsparter saman med Bergen kommune og andre kommunar i fylket. FiB bidreg økonomisk mellom anna ved å stille lokalene Peer Gynt salen og Logen med teknisk stab til disposisjon. I 2016 innleia DUF eit samarbeid med Statoil/Equinor og «Morgendagens helter». Samarbeidet har heldt fram denne perioden og gir ei god utvikling for DUF.

Ei prosjektgruppe planlegg og gjennomfører DUF. Prosjektgruppa består av representantar frå: Bergen Dansesenter, Bergen, Lindås, Kvam, Askøy, FiB og Norsk kulturskoleråd Vestland. Leiar i prosjektgruppa for DUF har vore Bjørn Andersen, rektor i Øygarden kulturskule.

I 2019 vart DUF arrangert 28. og 30. mai. Arrangementet gjekk over to dagar i Grieghallen, Peer Gynt salen med innslag innan dans, teater og musikk. Hordaland har i dag 33 kulturskoler og 15 av disse var representert under årets arrangement.

Måndag 28. mai vart det arrangert konserter kvar heile time for om lag 150 deltakere fordelt på kulturskular frå Askøy, Austevoll, Eidfjord, Meland, Voss, Ulvik, Vaksdal, Kvam, Bergen og Bergen Dansesenter. Konferansier var Piero Issa. Publikum var i stor grad skuleklassar frå Bergen, Fjell og Lindås kommune. Det var om lag 1200 tilhørarar i salen i løpet av dagen. Regissør for Festframsyninga var Jorunn Lullau og konferansier var Heidi Marie Vestrheim. Det var om lag 400 tilhørarar.

I 2020 var det planlagt to arrangement under «Festspillene i Bergen» 2020: «De Unges Festspilldag – Åpen scene» 26. mai, og «De Unges Festspillforestilling» i Peer Gynt salen 28. mai. Grunna korona restriksjonar vart «Festspilldagen» 26. mai avlyst, mens festspelframsyninga vart utvald av FiB til å verte strømmma i ein forkorta versjon.

Vestland har i dag 43 kulturskular og 4 (13 deltakarar) av desse var representert i 2020. Kvinnherad -, Voss -, Osterøy- og Bergen kulturskole. I tillegg var følgjande kulturskular representert: Hamar med musikk og Harstad med dans. Katrine Lunde var regissør og programleiar for framsyninga. Det var om lag 150 tilhørarar på nettframsyninga.

I perioden har DUF endra form grunna pandemien. DUF er i stadig endring, mellom anna når det gjeldt organisering, økonomi og bruk av digital plattform. Det er eit mål, at DUF skal inspirere til vidare utvikling av kulturskulane i Vestland.





Ungdommens musikkmeisterskap

«Ungdommens musikkmeisterskap» (UMM) vert arrangert årleg med konkurranse i fylket og deretter nasjonalt for dei som går vidare. Arrangørane er Norges Musikkorps Forbund, Musikkpedagogene Norge, Norsk kulturskoleråd og Norges Musikkhøgskole. I regionalt meisterskap for Vestland, som finn stad i Bergen, er Bergen kulturskole, NMF Hordaland og Musikkpedagogene Bergen samarbeidspart for gjennomføring av arrangementet. Arrangementet er eitt av de største i landet. Meisterskapet vart arrangert i 2019 med følgjande påmelde og resultat: 55 solistar og 7 ensemble. Resultat: 4 ensembler, 3 pianister og 7 blåsere vidare til nasjonale finalar i Oslo. Etter 2. uttaksrunde kom fylgjande 1.prisvinnarar med 23 poeng vidare: 6 blåsarar, 1 ensemble, 4 pianist. I 2020 vart det digitalt fylkesarrangement med følgjande påmelde og resultat: 70 solistar og 4 ensemble med mange 1. prisvinnarar. Sjå resultat her.

Drømmestipendet

Drømmestipendet er eit samarbeid mellom Norsk Tipping og Norsk kulturskoleråd. Det gir unge talent frå 18 til 26 år høve til å få oppfylt draumar, profilere kunstfaget sitt, kommunen og kulturskulen sin og vere førebilete for andre unge. I 2019 var det frå Hordaland 48 nominert av 8 kommunar, der Bergen nominerte 29 av desse. Total fordeling av nominerte innan kunstfaga og kategorien anna: dans 4 , musikk 31, visuell kunst 10 , teater 2, anna 1. I Sogn & Fjordane var det 20 nominert av 10 kommunar, der fordelinga mellom kommunane av dei nominerte var nokså jamn. Fjaler og Sogndal hadde nokon fleire enn dei øvrige kommunane. Total fordeling av nominerte innan kunstfag og kategorien anna: dans 2, musikk 13, visuell kunst 3, åpen klasse 2. Totalt får begge fylka 12 Drømmestipend. Fordeling av Drømmestipend til nominert frå kommunar og kategori: Hordaland: Askøy dans 1. Bergen dans 1, musikk 2 , visuell kunst 3. Stord musikk 1. Ulvik anna 1. Sogn og Fjordane: Flora musikk 1. Leikanger visuell kunst 1. Sogndal musikk 1. I 2020 var 90 nominert frå Vestland fylke av 23 kommunar, der Bergen hadde 35 nominerte, Øygarden 11 og øvrige kommunar hadde mellom ein og fem nominerte. Total fordeling av nominerte innan kunstfag og kategorien anna: dans 11 , musikk 55 , skapande skrivning 7, teater 5 , visuell kunst 8 , åpen klasse 4. Drømmestipend til nominert frå kommunar og kategori: Bergen: teater 1, dans 1 - Sogndal:visuell kunst 1 - Sunnfjord: dans 1- Ullensvang: visuell kunst 1.



Drømmestipendutdeling i Ulvik 2019



Kulturskulestatistikk for Vestland

Grunnskolen Informasjonssystem (GSI) samler inn ei omfattande mengd data om grunnskolen, kulturskolen og vaksenopplæringa i Norge. GSI gir følgjande informasjon: elevtal, årstimar og ressurser. I GSI ligger det tal tilbake frå 1992, då innsamlinga starta.

GSI tal 2019 kulturskule – Hordaland GSI tal 2019 kulturskule – Sogn og Fjordane

GSI tal 2020 – kulturskule – Vestland

Elevtal og venteliste

Hvor mange av kulturskolens elever og elevene på venteliste er...		Gutter	Jenter	Elever ved skolen	Venteliste til skolen
1 under grunnskolealder	M	94	243	337	141
2 i grunnskolealder	M	3 512	6 119	9 631	2 252
3 over grunnskolealder	M	407	510	917	151
4 Sum elever (linje 1..3)	M	4 013	6 872	10 885	2 544

Elevplassar

		Elevplasser	Venteliste til elevplass
Musikkundervisning	M	9 184	2 439
Visuelle kunstoffag	M	1 084	329
Teater	M	604	234
Dans	M	2 221	289
Andre kunst- og kulturuttrykk	M	172	19
Sum elevplasser (linje 5..9)	M	13 265	3 310

Elevar frå andre kommunar som tek del i interkommunalt samarbeid

Kommune	Antall elever	Hvor mange av disse elevene er i grunnskolealder?
Bergen	1	1
Fjaler	165	121
Luster	86	68
Sum elever fra andre kommuner som deltar i interkommunalt samarbeid	M	252
		190



Norsk kulturskoleråd Vestland årsmøte 28. oktober 2021

Elevar frå andre kommunar som ikkje tek del i interkommunalt samarbeid

Kommune	Antall elever	Hvor mange av disse elevene er i grunnskolealder?
Alver	1	1
Askvoll	10	1
Askøy	13	10
Aurland	1	0
Austrheim	1	1
Bergen	6	6
Bremanger	6	4
Bømlo	10	7
Eidfjord	1	0
Fitjar	3	1
Fjaler	1	0
Gloppen	1	0
Herøy i Møre og Romsdal	1	0
Høyanger	8	6
Kinn	10	5
Kvam	3	3
Kvinnherad	5	4
Lærdal	3	1
Masfjorden	1	1
Stad	1	0
Stryn	4	3
Sunnfjord	10	4
Sveio	3	3
Tysnes	1	1
Ullensvang	3	1
Ulvik	3	1
Vaksdal	2	2
Vanylven	1	0
Volda	3	3
Voss	1	1
Årdal	1	0
Øygarden	1	1
Sum elever fra andre kommuner	M 119	71



Norsk kulturskoleråd Vestland årsmøte 28. oktober 2021

Elevar som tek del / kjem til å ta del på kortare kurs

		Elever
Antall elevar som deltar/kommer til å delta på kurs/prosjekter som varer under ett semester	M	300

Skulepengar

		Beløp
Høyeste skolepengesats per elevplass for hele skoleåret	M	5 050
		Ja/Nei
Er skolepengesatsen inntektsgradert?	M	2 / 39
Har ordningen friplasser?	M	16 / 25
Har ordningen søskenmoderasjon?	M	36 / 5

Årstimar utført av undervisningspersonale retta mot kulturskolen sine elevar

		Årstimer
Musikkundervisning	M	121 618
Visuelle kunstfag	M	10 228
Teater	M	5 473
Dans	M	12 065
Andre kunst- og kulturuttrykk	M	1 900
Timer til andre aktiviteter	M	12 812

Årstimer utført av undervisningspersonale som ikkje er retta mot kulturskolen sine elevar

		Årstimer
Årstimer til tiltak som helt eller delvis utgiftsføres i kulturskolen	M	33 617
Årstimer som i sin helhet utgiftsføres andre steder enn i kulturskolen	M	11 981
Sum årstimer utført av undervisningspersonale til aktiviteter som ikke er rettet mot kulturskolens elever (linje 8+9)	M	45 598

Årsverk i administrasjonen ved skulen, i stillingsprosent (1 årsverk = 100)

		Årsverk i stillingsprosent
Hvor mange årsverk ved skolen går til...		
1 rektor og/eller inspektør	M	3 848
2 kontorhjelp	M	921
3 Årsverk til administrasjon og annet (linje 1..2)	M	4 769



Norsk kulturskoleråd Vestland årsmøte 28. oktober 2021

Årsverk utført av undervisningspersonale retta mot kulturskolen sine elevar i stillingsprosent (1 årsverk = 100)

		Årsverk i stillingsprosent
Årsverk til opplæring av kulturskolens elever	M	23 560

Årsverk utført av undervisningspersonale som ikkje er retta mot kulturskolen sine elevar i stillingsprosent (1 årsverk = 100)

		Årsverk finansiert av kulturskolen	Årsverk refundert av samarbeidspartner
Skoler	M	153	667
SFO	M	49	206
Barnehager	M	84	15
Andre offentlige institusjoner	M	233	555
Kor, korps og orkester	M	2 368	918
Annet	M	763	57
	M	0	0
Annet enn kor, korps og orkester (i bruk til og med skoleåret 2011-12)			
Sum andre årsverk (linje 5..11)	M	3 650	2 418

Tal på tilsette

Hvor mange av de som er ansatt i kulturskolen, er ansatt...		Antall kvinner	Antall menn	Antall ansatte i alt
14 i 100 % stilling	M	62	72	134
15 i deltidsstilling	M	268	218	486

Delte stillinger i kommunen

Hvor mange av de som er ansatt i kulturskolen, arbeider også...		Antall
16 i barnehage	M	3
17 i grunnskole	M	62
18 i skolefritidsordning (SFO)	M	1
19 i andre kommunale virksomheter/institusjoner	M	25
20 Sum delte stillinger i kommunen (linje 16..19)	M	91



Norsk kulturskoleråd Vestland årsmøte 28. oktober 2021

Utdanningsbakgrunn

Hvor mange av de som underviser ved skolen, har...		Antall
21	kunstfaglig utdanning på masternivå (eller over)	M 186
22	kunstfaglig utdanning på bachelornivå/minst to-årig kunstfaglig fagskoleutdanning	M 293
23	kunstfaglig utdanning årsenhet eller lavere	M 36
24	annen bakgrunn	M 59
25	Sum utdanningsbakgrunn (linje 21..24)	M 574
		Antall
26	Hvor mange av de som underviser ved skolen (linje 25) har pedagogisk utdanning/godkjent praktisk pedagogisk utdanning (PPU)?	M 346

KORONA

Raudt nivå

Har skolen måttet innføre rødt nivå i smitteverntiltak på et tidspunkt fra skolestart frem til 1. oktober?		Ja/Nei
M		1 / 41

Endringer i undervisningstilbudet

		Ja/Nei
M	Har skolen måttet kutte i undervisningstilbudet i perioden fra skolestart frem til 1. oktober?	9 / 33
M	Har skolen måttet kombinere skoleundervisning med hjemmeundervisning/digital undervisning i perioden fra skolestart frem til 1. oktober?	13 / 29



3. Organisasjonsutvikling

Medlemskap

Dei 43 kommunane i Vestland er medlemmer i Norsk kulturskoleråd.

Rådgjevar i Norsk kulturskoleråd Vestland

Rådgjevar Kristin Geiring er tilsett av Norsk kulturskoleråd for Vestland fylke i 40 % stilling. Rådgjevar tilrettelegg arbeidet for fylkesstyret og er styret sin sekretær på styremøtene, arbeidsseminar og AU-møter. Ho har i perioden mellom anna arbeidd med Norsk kulturskoleråd sin smittevernveileder, årsmøtet og årsmøtekonferansen, leiarsamlingar / digitale møter, representasjon på konferanser, rapporteringer, spørjinger, høyringer, rådgjeving, politiske møter i samarbeid med AU, strategien «Fordypning med mangfold» og generell bistand til kulturskulane, kommunane og veilederkorpset i Norsk kulturskoleråd. Stillinga inneber, i tillegg til å vere fylkesrådgjevar i Vestland, arbeid innan politisk sekretariat mellom anna med politisk representasjon på Arendalsuka, veilederkorpset med veiledning i kommunar utanom Vestland fylke, prosjektleiing for «Lederkonferansen».

Organisasjonssamlingar

Det er årleg ein til to samlingar for tilsette i Kulturskolerådet. Representantar frå hovudstyret og tidlegare sentralstyret har teke del.

Politiske organ i Norsk kulturskoleråd

Landstinget er Norsk kulturskoleråd sitt øverste organ. På landstinget 2020 vart nye vedtekter vedtekne. Landsstyret og sentralstyret vart erstatta av landstinget. Landstinget er kvert fjerde år. Landstinget består av leiar, nestleiar og styreleiarane i fylka. Arbeidsutvalet består av leiar, nestleiar og eitt vald styremedlem frå Landstinget i tillegg til direktør. Neste Landsting vert i 2024, året etter årsmøte hausten 2023 i Norsk kulturskoleråd Vestland.

Hovudstyret er organisasjonen sitt høgste organ mellom landstinga. Styret består av leiar og nestleiar valt i landstinget, dei ti fylkesleiarane og ein representant valt av og blant dei tilsette. Hovudstyret har minst fire møter årleg tilpassa økonomisk planleggjing og rapportering. AU i hovudstyret består av leiar, nestleiar, ein av fylkesleiarane og direktør. AU leiar arbeidet mellom møta i samsvar med gjeldande delegasjonsreglement.



Landstinget 2020
delegasjonen frå Norsk
kulturskoleråd Vestland

På landstinget 2020 vart følgjande valt:

styreleiar Helga Pedersen, ordførar i Tana

nestleiar Terje Lindberg frå Asker

AU medlem: fylkesleiar i Oslo og Viken, Ole Thomas Evensen



Veilederkorps og Vestland

Norsk kulturskoleråd arbeider for implementering av rammeplanen etter vedtak i kommunestyrene. I det høve vart det igongsett veilederkorps etter modell av

Utdanningsdirektoratet sitt «veiledningskorps». Kommunane vart invitert til å søkje deltaking. På landsbasis tok om lag 50 kommunar del i fyrste runde.

Frå Vestland har desse teke del i

Veilederportefølgje 2 med oppstart i januar 2019: Ullensvang, søkte som tre kommunar og Øygarden, søkte som tre kommunar. Det var nasjonalt totalt 93 kommunar som søkte og 58 kommunar fekk plass. Dei som ikkje kom med, fekk ved behov midlertidig oppfølging av rådgjevar i fylket i påvente av deltaking i neste runde. Frå hausten 2020 kom Osterøy og Samnanger med i programmet.



Lokale

Norsk kulturskoleråd Vestland har adresse Bergen kulturskole, Strømgaten 19, 5015 Bergen. Ved behov kan det vere møte- og kontorplass der. Lageret er i Alle Helgens gate 5. Avtalen med Bergen kulturskole gjeld for eitt år om gongen. Møtelokaler i Vestland fylkeskommune og rådhuset i Bergen har grunna ombygging og pandemi ikkje vore nytta i perioden.

Internett og informasjon

Norsk kulturskoleråd si nettside www.kulturskoleradet.no er under stadig utvikling. Norsk kulturskoleråd Vestland har på dette nettstedet ei fylkesside. Her ligg møtedokument, nyhetssaker frå fylket og anna offentleg informasjon. Norsk kulturskoleråd er på sosiale medier. Kulturskulane og kommunane vert oppmoda å sende inn nyhetssaker.

4. Økonomi

Aktivitetane bidreg til å synleggjere kulturskulane lokalt, fylkesvis og nasjonalt. Årsrekneskapet for Norsk kulturskoleråd 2019 er revidert og godkjend av Landstyret i 2020. Årsrekneskapet for Norsk kulturskoleråd 2020 er revidert og godkjend av hovudstyret. Norsk kulturskoleråd Vestland inngår som fylkesavdeling i rekneskap for organisasjonen.

Anskaffa midler

Norsk kulturskoleråd Vestland får driftstilskot frå Norsk kulturskoleråd. Kulturskolerådet sine midler kjem frå statstilskot og medlemskontingent. For prosjekt vert det søkt stønad frå kommunar, fylkeskommunen og andre. Totale inntekter er i 2019 på kr 451 513 og i 2020 på kr 339 761.



Medlemsinntekter

Kommunane betaler medlemsavgift til Norsk kulturskoleråd sentralt. Utrekningsmodellen baserer seg på kommunar i fylket, areal, GSI-tal for årstimer og elevar. Driftstilskot basert på medlemsinntekt frå fylket, vert overført til fylkesavdelinga fordelt på to årlege utbetalinger. For 2019 utgjorde dette kr 298 188 og for 2020 kr 279 761. I ordinære år utan pandemi er det inntekter i form av deltakeravgift i høve samlinger, seminar og konferansar, som er forutsett å gå i balanse.

Tilskot

Norsk kulturskoleråd Vestland får ut i frå søknad til kommunane og Vestland fylkeskommune tilskot til De Unges Festspilldag (DUF) samt frå Equinor, som er hovedsponsor for FiB. Det er varierende i kor stor grad kommunar støyr DUF økonomisk og tilskot kjem gjerne på slutten av året. Den økonomiske situasjonen i kommunar, har gjort at færre gir støtte. Størrelsen framgår av rekneskapet under DUF, inntekter. Åra 2019 og 2020 har grunna pandemien, avlysing av «Åpen scene» og digital gjennomføring av festframsyninga, gitt ein anna økonomisk situasjon.

Forbrukte midler

Driftskostnader er i 2019 på kr 471 119 og i 2020 på kr 124 229. Faste kostnader er utgifter til styrehonorar, reiser og kontor-/møte-/lagerleige. Styret og rådgjevar har i inneverande periode grunna pandemien hatt lite reiseutgifter og andre utgifter. Norsk kulturskoleråd dekker utgifter for delegatane til landstinget. Landstinget vart i 2020 digitalt. Delegatane frå Norsk kulturskoleråd Vestland sat samla i Bergen. I 2019 hadde DUF eit overskot på kr 3000 i 2020 eit overskot på kr 20 000. Pandemien er årsak til det høge overskotet i 2020. Overskotet går inn som del av eigenkapital, som kjem medlemmane til gode.

Driftsresultat

Driftsresultatet syner for 2019 eit underskot på kr 33 784 og for 2020 eit overskot på kr 151 392. For årsmøteperioden eit overskot på kr 117 608. Se elles vedlagte rekneskap. Overskotet for perioden går inn som del av eigenkapitalen for Vestland. Eigenkapitalen kan innan 31.12.2022 nyttast i Vestland fylke. Etter det vert resterande eigenkapital del av organisasjonen sine samla midler.

Generelt

Norsk kulturskoleråd nytter Visma sitt økonomisystem. Lønn og utgifter til rådgjevar i høve reiser utover det som skjer i regi av fylkesavdelinga, vert dekkja av Norsk kulturskoleråd.

Konklusjon

Etter styret si oppfatting gir det fremlagte resultatrekneskap og balanse med rapport tilstrekkelig informasjon om drift og stilling for Norsk kulturskoleråd Vestland.



Fylkesstyret i Norsk kulturskoleråd Vestland

Astrid Aarhus Byrknes
fylkesleiar

Trude Skarvatun
nestleiar

Anita Nordheim
styremedlem

Egil Magnussen
styremedlem

Grete Berntzen
styremedlem

Jan Geir Solheim
styremedlem

Julie Andersland
styremedlem

Siv Sjøtun Høye
1. varamedlem

Roar Sandnes
2. varamedlem



Osterøy kulturskule «Bruktbutikken» 2020